

## Norvald Distad(H) - Sommerjobber i Vestland fylkeskommune

Fleire representantar har tidlegare tatt opp spørsmålet om kva moglegheiter det er for ungdom til å få sommarjobb i fylkeskommunen, då sommarjobb er ei viktig jobberfaring for unge (ofte den første). I tillegg er det ein glimrande måte å synleggjere kva fylkeskommunen står for. Spørsmålet er endå meir aktuelt no, ettersom koronakrisa har gjort nålauget endå trongare for å få sommarjobb. Hvordan ligger det an med sommarjobber i fylket sommeren 2020 for unge? Er de blitt lyst ut og hvilket antall er det snakk om?

### Svar frå fylkesrådmannen:

Vestland fylkeskommune har lyst ut og tilsett ca. 50 sommarvikarar i regi av eigedomsavdelinga. Sommarvikarane skal arbeide med enklare drifts- og vedlikehaldsoppgåver, primært ved skulane våre. Dei fleste engasjementa er på 3 veker. I tillegg har vi nokre studentar inne i andre typar engasjement og praksisplassar i fylkesadministrasjonen gjennom året.